

MEVI254**Evaluering****Hausten 2017****Emneansvarleg Øyvind Vågnes og Paulo Chavarria**

Hausten 2017 tok 17 studentar til på sitt siste år på bachelorstudiet på film og tv i nye lokale i Media City Bergen-komplekset. I løpet av semesteret skal dei spesialisere seg i ein fagfunksjon, og i gruppесamarbeid lage ein filmproduksjon. Emneansvarlege la vekt på å la studentane få godt med tid til manusutvikling dei første vekene, dette fordi studentgruppa får god innsikt i manuskomposisjon og -struktur ved sjølv å utvikle eit kortfilmmanus, og fordi det viser seg å vere ei kvalitetssikring med omsyn til filmproduksjonane. Tre manus vart valde ut til haustproduksjonar, og studentane vart plasserte i tre produksjonsgrupper med fagfunksjonar (regi, foto, klipp, lyd, produsent).

Kurset kombinerte tett oppfølging ved lærekrefter i staben, inkludert emneansvarlege og faglærar Jade Hærem Aksnes, med workshops med eksterne faglærarar over ein intens to vekers-periode etter at manus var valgt. Deretter gjekk gruppene inn i produksjon, tidvis med oppfølging av faglærarar undervegs. Vedvarande oppfølging over tid (formative assessment) vart kombinert med ei evaluering ved vefs ende (summative assessment), der innlevert arbeid vart vurdert som bestått/ikkje bestått.

Nytt av året var at studentgruppa hadde eit oppsummerings- og evalueringsmøte med faglærarar ved semesterslutt, etter at haustens produksjonar var vist i Bergen Kino. Der kom studentane med ei rekke innspel som vi tek med oss inn i 2018. Workshopen med filmforbundet kan med fordel lausrivast frå to vekers-perioden, då denne er ganske tett. Filmforbundet byr på viktige innsikter, men desse er ikkje knytte direkte til den foreståande filmproduksjonen om hausten. Vidare foreslo studentane at manusvalget i påfølgande semester, då dei skal lage eksamensfilm, kunne effektiviserast, slik at gruppene kan komme tidlegare i gang med den tidlege fasen av preproduksjon, med utvikling av teknisk manus o.l., location scouting, etc. Dette var gode innspel, og kursplanen for våren 2018 blei revidert deretter. Modellen med oppsummeringsmøte, ein kollektiv arena for summativ evaluering, var dermed noko vi som emneansvarlege ønskjer å gjenta.

Øyvind Vågnes